

Søknad om mellombels reduksjon av minstevassføring – Holen kraftverk, i Luster Kommune

Bakgrunn og føremål med tiltaket

Søknaden gjeld mellombels reduksjon av fastsett minstevassføring i Holeelvi i samband med gjenoppbygging og sikring av elveløpet ved Holen Kraftverk ved Veitastrondsvatnet i Luster Kommune. Arbeidet skal utførast med gravemaskin i sjølve elveløpet. Føremålet med prosjektet er å reetablere og stabilisere elveløpet etter flaum og sikre kraftverksinstallasjon for utvasking av grunn.

Grunngiving for søknaden (Tryggleik og SHA)

Arbeid med tyngre anleggsmaskiner i rennende vatn inneber ein særleg stor risiko for liv og helse. Tiltaket er definert som «særleg farlig arbeid» etter **Byggherreforskriften § 8 andre ledd**.

Mellombels reduksjon av vassføringa er det mest kritiske risikoreduserande tiltaket i prosjektet sin SHA-plan, og er naudsynt av følgjande årsaker:

- **Førebygging av maskinvelt og drukning:** Redusert vassføring og lågare vasstand reduserer faren for undergraving av massane gravemaskina står på, noko som minimerer risikoen for maskinvelt i djupt eller strøymande vatn.
- **Sikring mot ras:** Vatn i rørsle aukar faren for akutte skråningsras under graving. Lågare vasstrykk stabiliserer anleggsområdet.

Ynskja tidsrom og omfang

Det blir søkt om dispensasjon til å redusere minstevassføringa **frå 540 l/s til 90 l/s**.

- **Ynskja periode:** Frå 01. September til 01.Oktober.
- **Arbeidstid:** Arbeidet vil gå føre seg på dagtid mellom kl. 07:00 og 20:00.

Miljøkonsekvensar og avbøtande tiltak

Søkjar er merksam på dei miljømessige konsekvensane ein reduksjon i vassføringa kan medføre for fisk og botndyr. For å minimere skadeomfanget vil følgjande avbøtande tiltak bli gjennomførte: Om mogleg- auke vassføringa når det ikkje er arbeid/maskiner i elveløpet.

- **Tidsplassering:** Anleggsperioden er lagt til september/oktober, då dette er den perioden på året med minst vassføring.
- **Overvaking:** Det vil bli utført dagleg tilsyn med vasstand, vassstemperatur og turbiditet (partikkelspreiing) under heile anleggsperioden. Entreprenøren vil i størst mogleg grad nytte gravemetodar som minimerer oppvirvling av finkorna massar.

Kontaktinformasjon

For spørsmål om anleggstekniske forhold eller SHA-planen, kontakt:

Byggherre/Søkjar: Maths Listou/ Luster Småkraft

Telefon: +47 482 24 780

Vedlegg

- Utklypp av risikovurdering i SHA-plan
- Kart over anleggsområdet
- Oversiktsbilde og situasjonsbilde med forklaring

Med helsing

Anders Molland

Dagleg leiar Luster Småkraft AS